

**Månad:** September 2022

**AKTIVITET**

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>										
Tal heildøgnsopphald	1 510	1 561	-51	1 489	21	13 364	14 273	-909	13 248	116
Tal utskrivne pasientar	85	88	-3	71	14	707	777	-70	686	21
Polikliniske kons. m/refusjon	2 253	2 357	-104	1 908	345	17 955	20 560	-2 605	16 472	1 483
<b>Rus</b>										
Tal heildøgnsopphald	519	636	-117	518	1	4 620	5 560	-940	4 606	14
Tal utskrivne pasientar	19	19	0	18	1	174	180	-6	133	41
Polikliniske kons. m/refusjon	213	260	-47	160	53	1 857	2 339	-482	1 846	11
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>										
Tal heildøgnsopphald UPH	83	96	-13	101	-18	985	876	109	874	111
Tal utskrivne pasientar UPH	16	6	10	5	11	95	60	35	59	36
Polikliniske kons. m/refusjon	2 025	1 674	351	1 803	222	13 616	13 800	-184	13 430	186

**Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)**

Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore bra i perioden med aktivitet litt lågare enn plan. I høve fjoråret har vi auke i aktiviteten.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) ser vi same biletet, der døgnopphald er lågare enn venta. Også her har vi høgare aktivitet enn i fjor.

**Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)**

Aktiviteten i perioden har vore god for alle poliklinikkane. Det er framleis svært stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge, og dette er krevjande å følgje opp med tilgjengelege ressursar.

**Beleggsprosent døgnseksjonar**
**Beleggsprosent inklusiv perm og anna fråvær, september 2022, klokka 7**

Institusjon	Klinikk	Post	Siste 12 mnd	I vald periode	Avvik frå gj.snitt siste 12 mnd	Pasient på korridor
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Akutt Døgn, Psyk.Førde	72 %	75 %	3 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	DPS Allmenn Førde	72 %	72 %	-0 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	DPS psykose Førde	93 %	90 %	-2 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	ISP Døgn	68 %	83 %	15 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Lokal tryggleikspost Førde	100 %	100 %	0 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	NPS Døgn	80 %	77 %	-3 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	NPS Rus	57 %	69 %	12 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Ruspost Tronvik	71 %	59 %	-12 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Ungdomspost for psykisk.helsevern	68 %	47 %	-22 %	0
<b>Totalt</b>			<b>73 %</b>	<b>73 %</b>	<b>-0 %</b>	<b>0</b>

## ØKONOMI

Artskonto		Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil
☐ ISF inntekter	HV031.1.01	3 343	3 149	194	24 652	26 587	-1 935
☐ Gjestepasient inntekter	HV031.1.02	746	554	192	6 183	4 982	1 201
☐ Poliklinikk og andre pasientinntekter	HV031.1.03	838	900	-62	6 926	7 290	-363
☐ Pasientrelatert inntekt	HV031.1	4 928	4 603	325	37 762	38 859	-1 097
☐ Basistilskudd	HV031.2	41 111	40 557	553	329 987	326 185	3 802
☐ Andre inntekter	HV031.3	1 027	321	705	4 000	3 073	927
☐ Sum Driftsinntekter	HV031	47 065	45 481	1 584	371 749	368 117	3 632
☐ Varekostnader og Helsetjenester	HV032.1	-1 505	-1 229	-276	-12 925	-10 714	-2 211
☐ Lønn- og personalkostnader	HV032.2	-41 811	-40 317	-1 494	-333 458	-322 363	-11 095
☐ Øvrige kostnader	HV032.3	-3 908	-3 935	27	-36 265	-35 041	-1 224
☐ Sum Driftskostnad	HV032	-47 224	-45 481	-1 742	-382 648	-368 117	-14 530
☐ Driftsresultat	HV033	-158	0	-158	-10 898	0	-10 898

### Denne perioden:

Totale inntekter i perioden er 1,6 mill. høgare enn budsjett. Meirinntekt knytt til basistilskot skuldast at vi har fått ekstra midlar til å styrke tilbodet i 2022. Dette er med å forklare delar av meirkostnaden knytt til løn. Desse midlane er ikkje vidareført til 2023. Aktiviteten er høg i perioden og inntektene er høgare enn budsjett både for ISF og gjestepasientar.

Personalkostnadene er 1,3 mill. høgare enn budsjett i perioden. Vi har utfordringar med sjukefråvær og vakante stillingar som bidreg til mykje overtid. I tillegg manglar vi fleire overlegar, og har brukt 1,4 mill. meir enn plan på innleige frå vikarbyrå. Kostnader til kjøp av behandlingsplassar i andre føretak har vore om lag på budsjett i perioden.

Sum driftskostnader i perioden er 1,7 mill. høgare enn budsjett, og bokført resultat i perioden er 0,2 mill. svakare enn budsjett.

### Til no i år:


Bokførte inntekter er 3,6 mill. høgare enn budsjett. ISF inntektene er 2 mill. lågare enn budsjett og gjestepasientinntekter er 1,2 mill. høgare enn budsjett. Vi har bokført 4,8 mill. i ekstra prosjektmidlar så langt i år. Dette er midlar som ikkje vert vidareført til komande år.

Totale driftskostnader er 14,5 mill. høgare enn budsjett til no i år. Kostnader til kjøp av behandlingsplassar i andre føretak har samla sett vore 1,4 mill. høgare enn budsjett så langt i år. Personalkostnadene til no i år er 11,1 mill. høgare enn budsjettet, der innleige av helsepersonell utgjør 9,3 mill.

Resultatet hittil i år er 10,9 mill. svakare enn budsjett.


# MEDARBEIDARAR

## Månadsverk:



Gjennomsnittleg tal brutto månadsverk siste 12 månader er 471. For eitt år sidan var dette talet 463. Auken skuldast hovudsakleg etablering av tryggingspost i Førde.


## Sjukefråvær:




Sjukefråværet var 6,4 prosent i august mot 7,1 prosent i same periode førre år.

Gjennomsnittleg sjukefråvær siste 12 månader var 7,7 prosent. For eitt år sidan var dette talet 7,7 prosent.

## KVALITET Epikrise



I august var 85 prosent av epikrisene innan PHV sende innan sju dagar, og 29 prosent sende innan ein dag.




I august var 100 prosent av epikrisene innan TSB sende innan sju dagar, og 78 prosent sende innan ein dag.

### Korridorpasientar

Det er ikkje registrert korridorpasientar i september 2021.


### Ventetid for ventande ved slutten av perioden



Det er 200 pasientar som ventar på behandling ved utløpet av perioden. Dei har i snitt venta i 23 dagar.

I same periode i 2021 var det 220 pasientar som venta på behandling, med gjennomsnittleg ventetid på 21 dagar.

## Ventetid der behandling er starta i perioden



Dei 146 pasientane som har fått starta si behandling i perioden, har i snitt venta 37 dagar før behandlinga starta.

I same periode i 2021 var det 148 pasientar som hadde gjennomsnittleg ventetid på 41 dagar før dei fekk starta si behandling.

## Fristbrot

Eining med fristbrot	For ventande ved periodeslutt
	Pasientar
Psykisk Helsevern Barn og Unge	0
Indre Sogn Psykiatrisenter	3
Nordfjord Psykiatrisenter	0
Psykiatrisk klinikk	0

Det har vore tre fristbrot ved Indre Sogn psykiatrisenter. Vi har utfordringar med kapasitet og kompetanse.